



Saksmappe: 2022/779
Sakshandsamar: ILR
Dato: 07.01.2025

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
7/25	Planutval	13.01.2025
8/25	Kommunestyret	30.01.2025

Endring av forskrift for nedsett konsesjonsgrense for Bykle kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Bykle kommune godkjenner endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Bykle kommune.

Planutval si handsaming av sak 7/2025 i møte den 13.01.2025:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke

Vedtak

Bykle kommune godkjenner endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Bykle kommune.

Kommunestyret si handsaming av sak 8/2025 i møte den 30.01.2025:

Handsaming

Planutvalet si innstilling blei samrøystes vedteke

Vedtak

Bykle kommune godkjenner endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Bykle kommune.

Saksutgreiing

Samandrag/ konklusjon

På bakgrunn av tidlegare omregulering av fleire felt i Stussli bustadfelt frå bustad til bustad/næring, er det sett i gong revisjon av lokal forskrift om buplikt, slik at forskrifta samsvarar med denne endringa. Det er samstundes føreslege rettingar slik at forskrifta syner til gjeldande reguleringsplanar, i staden for utgåtte planar.

I Bykle kommune gjeld buplikt i kommunale bustadfelt. Når kommunen no jobbar med forskriftsendringa, meiner kommunedirektøren at det kan vere hensiktsmessig å vurdere fleire moment. Bykle kommunes forskrift om buplikt bidrar til heilårs busetting, men på grunn av konsesjonslovas utforming, er det mogleg å unngå dette, ved til dømes å overføre eigedom til nær slekt i nokre tilfelle. For å styrke buplikta i kommunen, er det føreslege å sette slektskapsunntaket ut av kraft. Det betyr at for eigedomar som er omfatta av buplikt, vil ikkje overdraging frå nær slekt vere friteke frå buplikt. Føreslegne endringar blei lagt ut til offentleg ettersyn i tidsromet 14.10. – 01.12.2024. Det har ikkje kome merknader til endringane. Kommunedirektøren tilrår difor at endringar av lokal forskrift om buplikt blir vedteken.

Bakgrunn for saka

Forskrift for nedsett konsesjonsgrense i Bykle kommune skal reviderast. Endringa kjem på bakgrunn av eit tidlegare kommunestyrevedtak om endringar i Stussli bustadfelt, der fleire felt i reguleringsplanen blei omregulert frå bustad til bustad/næring. Forskrifta skal difor endrast i tråd med dette. Når kommunen nå jobbar med forskriftsendring, meiner kommunedirektøren at det kan vere hensiktsmessig å vurdere heile forskrifta på nytt.

Konsesjonslova opnar for at kommunar kan innføre lokal forskrift om nedsett konsesjonsgrense, også kjent som buplikt. Formålet med buplikt er å sikre at eigedom som bør nyttast som heilårsbustad ikkje blir nytta til fritidsbustad. Forskrifta kan gjelde for delar av eller heile kommunen. I Bykle kommune gjeld buplikt i kommunale bustadfelt.

Bykle kommunes forskrift om buplikt bidrar til heilårs busetting, men på grunn av konsesjonslovas utforming, er det mogleg å unngå dette, ved til dømes å overføre eigedom til nær slekt i nokre tilfelle. For å styrke buplikta i kommunen, kan eit tiltak vere å sette slektskapsunntaket ut av kraft. Det betyr at for eigedomar som er omfatta av buplikt, vil ikkje overdraging frå nær slekt vere friteke frå buplikt. Dette blir no føreslege teke inn i lokal forskrift om buplikt.

Formelt grunnlag

- [Konsesjonsloven](#)
- [Gjeldande forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Bykle kommune](#)
- Endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense skal fastsetjast av Landbruksdirektoratet, etter vedtak i kommunestyret

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Det er kommunen som kontrollerar brot på buplikt, eit ressurskrevjande arbeid.

Vurderingar og konsekvensar

Endring av forskrift om buplikt for Bykle kommune blei lagt ut til offentleg ettersyn fyrste gong den 18.12.2022, med frist for merknader den 31.01.2023. Kommunestyret handsama endring av forskrifta i møte den 31.08.2023, sak 66/2023. Saka vart samrøystes utsett.

På bakgrunn av tidlegare utsetting i kommunestyret og framlegg til nytt punkt i forskrifta om å sette slektskapsunntaket ut av kraft, blei framlegg om endring av forskrift for nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 for Bykle kommune lagt ut til offentleg ettersyn på kommunens heimeside og gjennom annonse i Setesdølen den 14.10.2024, med frist for merknader den 01.12.2024. Det har ikkje kome merknader til endringane.

Dersom føremålet med buplikt i kommunen er å sikre heilårs busetting og levande lokalsamfunn, kan det vere styrkande å sette slektskapsunntaket ut av kraft. Slektskapsunntaket fører til at buplikta har mindre effekt for å sikre heilårs busetting. I praksis vil det kunne føre til at fleire bustader vert nytta som fritidsbustad i samband med generasjonsskifte. Ei eventuell endring av forskrifta til å gjelde for nær slekt vil ikkje få verknad attende i tid.

I hovudsak gjeld endringane i forskrifta rettingar og oppdatering etter tidlegare endringar i Stussli bustadfelt. Siste føreslegne endring er å sette slektskapsunntaket ut av kraft for bustader som er omfatta av buplikt-forskrifta. Det har ikkje kome merknader til føreslegne endringar, og kommunedirektøren tilrår difor at endring av lokal forskrift for buplikt i Bykle kommune blir godkjent.

Tilhøve til kommuneplanen

I kommunens nyleg vedtekne samfunnsdel står dette om temaet:

Bykle kommune har eit langsiktig perspektiv på lokalsamfunnsutvikling og tenesteyting som gjer det attraktivt og godt å bu i Bykle heile livet:

Handheving av bu- og driveplikt er sentralt for å få fast busetting og drift på gardsbruka i kommunen og levande bygder.

Konsekvensar for folkehelse

Ein kan ikkje sjå at føreslegne endringar vil få konsekvensar for folkehelsa.

Bykle,

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Saksprotokoll Endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense for Bykle kommune.pdf
- 2 Framlegg til endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 Bykle kommune Agder.pdf
- 3 Liste over feltnamn i gjeldande forskrift mot nye feltnamn i Bykle sentrum.pdf
- 4 Offentleg ettersyn

Melding om vedtak blir sendt til:

Landbruksdirektoratet

